

FJORDINGEN

Sentralbord 57 87 45 00
Tips oss! 40 40 21 40

Fjordingen kjem ut tysdag og fredag
Ope mån. - fre. 8.30 - 15.30

Adresse: P.b. 248, 6781 Stryn
Besøksadresse: Myrane 7, Stryn

Annons- og abonnementsprisar
sjå www.fjordingen.no
eller ring oss på 57 87 45 00

REDAKSJON
redaksjon@fjordingen.no

Ansvarleg redaktør/
dagleg leiar
Bengt Flaten
Telefon 90 20 12 30
bengt.flaten@fjordingen.no

Redaksjonssjef
Thomas Thaulé
Telefon 91 84 87 97
thomas.thaule@fjordingen.no

Journalist Roy Aron Myklebust
Telefon 90 58 14 78
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

Journalist Roger Oldeide
Telefon 98 24 46 35
roger.oldeide@fjordingen.no

Journalist Gunnhild Sindre
Telefon 90 05 59 56
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Journalist Sigrid Heggstad
Telefon 95 93 71 50
sigrid.heggstad@fjordingen.no

MARKNADSAVDELING
annonse@fjordingen.no

Marknadssjef
Ove André Aarskog
Telefon 91 86 20 02
ove.andre.aarskog@fjordingen.no

Marknadskonsulent
Elisabet Sandbakk Lunde
Telefon 48 15 71 69

ABONNEMENT
abonnement@fjordingen.no

PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Fjordingen vil rette seg etter reglane for god presseskikk, slik dei er nedfelte i pressa sin «Ver Varsam»-plakat. Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, vert beden om å kontakte redaktøren.

Det er også høve å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, postboks 46, Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40



Bengt Flaten

Ansvarleg redaktør
og dagleg leiar

LEIAR

To dagar med veg

Tysdag og onsdag denne veka står veg på dagsorden på ein to dagars samferdslekonferanse i Loen. Loen og andre stader har vore samlingsplass for mange samferdslekonferansar tidlegare. Kanskje er konferansen denne veka ein av dei viktigaste på lenge. Fordi han handlar om posisjonering av rv 15 Strynefjellsvegen og E39 Byrkjelo-Grodås.

Neste vår kjem regjeringa opp med framlegg til Nasjonal Transportplan for dei neste åra. Prosjekt som kjem med i planen, vil ha god sjanse til å konkurrere om prioritering og økonomiske løyvingar som inneber at vegar vert bygde. Prosjekt som ikkje kjem med i Nasjonal Transportplan, er sjanselause og vil bli ståande på vent i mange år framover.

Det er den brutale sanninga. Difor er det heilt avgjerande å trykke på dei rette knappane for at både rv 15 og E39 kjem inn i planverket for komande periode. Status for begge prosjekta er at linjeval er bestemt.

Medan E39 vil korte ned køyretida mellom Grodås og Byrkjelo med ein time samanlikna med dagens E39, er viktigaste poeng med tunnel Skåre-Breidalen å gjere ein rasfarleg og dårleg veg om til ein trygg veg som og vil bli heilårsveg å kunne stole på.

Mange vil meine at dersom ein må velje rekkefølge, hastar det mest å byggje ny tunnel frå Skåre til Breidalen. Dette fordi rv 15 dei siste vintrane er blitt ein samferdslemessig propp. Førre vinter var Strynefjellsvegen stengt langt over 20 gonger, anten på grunn av skred eller skredfare.

Med ny lang tunnel vil vegen gå i fjell forbi dei skredfarlege områda og dessutan kome ut i dagen såpass langt inne på fjellet at ein og kjem forbi strekninga som er mest utsett for vind. For næringslivet som er avhengig av daglege transportrutar, er dette prosjektet heilt avgjerande.

Konferansen i Loen denne veka samlar sentrale politikarar både frå Stortinget og frå fylka Vestland, Møre og Romsdal og Innlandet. Dei vil bli utfordra av folk frå reiselivsbransjen, transportbransjen og anna industri. Veg er viktig, anten han går aust-vest eller nord-sør. Difor er det eit klart mål at både rv 15 og E39 må prioriterast i komande Nasjonal Transportplan.

●● **Prosjekt som ikkje kjem med i Nasjonal Transportplan, er sjanselause og vil bli ståande på vent i mange år framover**

Mobbeombodet er der for deg og dine

Aina Drage og Mari-Kristine Morberg deler på jobben som mobbeombod for barn og unge i Vestland fylke. Dei seier det er ekstra viktig for dei å vere synlege no i starten av eit nytt skuleår.

Mobbeombodet skal sikre eit så godt og trygt skule- og barnehagemiljø som mogeleg, og dei jobbar både førebyggjande og med konkrete tilfelle der det har førekome mobbing, fortel mobbeombod Aina Drage.

Hjelper både enkeltpersonar og skular/barnehagar

– Vi jobbar på tre nivå. På individnivå hjelper vi enkeltpersonar som opplever utrygge miljø i barnehagen eller på skulen. På systemnivå er vi ute og snakkar med tilsette på skular og barnehagar om mobbing, rutinar, samarbeid med heimane, og korleis dei kan jobbe med mobbing. Og så jobbar vi på samfunnsnivå. Det vil seie at vi samlar dokumentasjon, statistikk og rapporterer til politikarar. Vi skriv òg kronikkar og innlegg i media, og vi sender inn høyringsinnspel der det er aktuelt, seier ho.

Vil ikkje kome på kant med skulen
Mobbeombodet fortel at det er enkeltsakene som tek mest tid, og som det er flest av.

– Stort sett er det foreldre som tek kontakt fordi dei ser at barn ikkje har det bra. Nokon har sett seg inn i lovverket og lurar på konkrete ting, mens andre tek kontakt fordi dei ikkje veit kva dei skal gjere. Så her er stor variasjon, seier Aina Drage. Ho legg til at det som er felles for dei fleste er at ingen foreldre ønskjer å skape meir konflikt.

– Dei vil ikkje kome på kant med skulen, dei vil berre få rydda opp i saka, raskt, og hindre at det skjer igjen.

Ikkje saksbehandlarar
Mobbeombodet bidreg ofte



HJELPER DEG: – Ver heilagjeng til både ditt eige barn og til dei andre barna. Det er eit av tipsa frå mobbeomboda Aina Drage og Mari-Kristine Morberg. FOTO: VESTLAND FYLKE/ATLE KOLD HANSEN

●● **Ingen foreldre ønskjer å skape meir konflikt. Dei vil ikkje kome på kant med skulen, dei vil berre få rydda opp i saka**

med støtte. Det er krevjande å stå i ei sak der eit barn har det vondt.

Føresette får mellom anna støtte og førebuingshjelp til møte: Kva kan det vere lurt å spørje om, kva kan de forvente ut i frå lovverket, kva bør ein fortelje, og kva kan ein be om, opplyser mobbeombodet.

Nokre gonger kan det vere stor avstand eller konflikt mellom skule og heim. Då kan mobbeombodet også vere i dialog med barnehagen, eller skulen, med mål om at den vidare handsaminga skal bli så smidig som mogleg, og at barnet igjen kan få det trygt og godt.

– Men vi er ikkje saksbehandlarar, seier Aina Drage. – Det er viktig å påpeike.

TIPS FRÅ MOBBEOMBODET

Mobbeombodet har fleire tips til føresette for at barn og unge skal ha det så bra som mogeleg no i starten av skule- og barnehageåret og vidare utover året:

- Ver heilagjeng til både ditt eige barn og til dei andre barna.
- Bli kjent med andre foreldre i klassen eller gruppa.
- Snakk positivt om andre barn og foreldra deira.
- Ver med å skape plassar der alle kan vere med og gjere noko i lag.
- Sei i frå, med ein gong, om du ser, eller veit at nokon ikkje har det bra.

GUNNHILD SINDRE
gunnhild.sindre@fjordingen.no